



Statens vegvesen region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Dato: 6.03.2017
Vår ref.: 2017/1774-1
Saksbehandlar: mattorg
Dykkar ref.:

Fv7 Tokagjelet - Planbestilling for kommunedelplan

Vi viser til Statens Vegvesen sitt forprosjekt om Utgreiing tunnelloysingar fv.7 Tokagjelet (2016). Rapporten viser at Fv7 gjennom Tokagjelet i Kvam herad ikkje har tilfredstillande tryggleik mot skred. I utgreiing om «Skredsikringsbehov for riks- og fylkesvegar i Region vest» frå Statens Vegvesen i 2015 ligg to punkt i Tokagjelet som nr 2 og 3 rangert etter skredfaktor på fylkesvegane.

Det er berre Hansagjeltunellen som fell inn under Tunellsikkerheitsforskrifta. Men alle tunnelane er smale, låge og har knapp kurvatur, Vegen gjennom Tokagjelet er ikkje bygd for dagens behov.

Vi ber Statens Vegvesen starte opp ein ordinær kommunedelplanprosess for Fv7 forbi Tokagjelet med konsekvensutgreiing etter Plan- og bygningslova. Hordaland fylkeskommune er vegeigar, Statens vegvesen er prosjekteigar, mens Kvam herad skal vedta oppstart av planarbeidet.

Det prosjektutløysande behovet er fyrst og fremst å gje ein skredsikker veg forbi Tokagjelet.

Det må i tillegg vurderast fleire alternativ med mål som å sikre:

- Rask og trygg veg mellom Kvam og Bergen
- Rask og trygg veg mellom Norheimsund og Kvamskogen
- Gje minst moglege negative konsekvensar for natur- og miljøverdiar
- Moglegheit for gåande og syklande forbi Tokagjelet
- Gje minst moglege ulempe for trafikkantar i anleggsperioden

Kommunedelplanen skal ta utgangspunkt i dei trasealternativa som er vurderte opp i nemnte forprosjektrapport. Det skal vurderast ulike vegliner forbi Tokagjelet, både for utbetring av noverande veg langs Tokagjelet, og lange og korte tunellar mellom Steinsdalen og Kvamskogen/Samnanger. Endeleg planområde må klårgjerast i planprogrammet.

Finansieringsløysing skal vere ein del av grunnlaget for planen. Det må sjåast på alternativ både med og utan bruk av bompengar. Bruk av skredsikringsmidlar må sjåast i samheng med planrammene fylkeskommunen får, samt andre skredsikringsbehov i fylket. Hordaland fylkeskommune fekk litt over 300 mill kr. i skredsikring for perioden 2014-17. Planrammene fylkeskommunen får for perioden 2018-2021 vil bli vedtatt i Nasjonal transportplan i juni 2017, og vil vere ein indikasjon på kva planramme ein kan vente å få i åra 2022-2025.

Det er naturleg å nytte utgreiing fram til Planprogram - og handsaming av dette - til å kome ned i eit handterleg tal på alternativ. Vidare detaljering av prosess vil skje i planprogrammet.

Det skal setjast ned ein planorganisasjon med ei styringsgruppe med Kvam herad, Hordaland fylkeskommune og Statens Vegvesen. Det vert i tillegg ei plangruppe på sakshandsamarnivå med dei same aktørane. Samnanger kommune skal konsulterast i prosessen.

Det må leggjast opp til folkemøte i løpet av planprogramfasen.

Det må leggjast til grunn ein raskast mogleg planprosess, men der kvaliteten likevel vert sikra. Planprogramfasen inklusiv høyring bør bli avslutta i løpet av 2017, og kommunedelplan inklusiv høyring sommaren 2019. Reguleringsplanarbeidet kan starte opp i 2019 når finansieringsplan er klar.

Vi ber Statens Vegvesen om å utarbeide ein prosjektstyringsplan basert på dei føringar som er nemnt her. Denne skal drøftast av styringsgruppa for planprosessen før formell oppstart av planarbeidet.

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Matti Torgersen

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Kvam herad